
Saksnr: 2020/59553-11
Saksbehandlar Arlen Synnøve Bidne
Dato: 17.09.2020

Til: Utval for kultur, idrett og integrering, fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i tidlegare Sogn og Fjordane fylke

I 2013 starta Riksantikvaren opp prosjektet Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA). Formålet med prosjektet er:

- å få oversikt over landskap av nasjonal kulturhistorisk interesse i heile landet
- å bidra til økt kunnskap og medvit om landskap i kommunar og andre relevante sektorar
- å gje tidlege og tydelege signal frå kulturminneforvaltninga om kva landskap arealplanlegginga må ta særleg omsyn til.

KULA-registeret skal vere eit kunnskapsgrunnlag og forvaltningsverktøy for kommunane og andre myndigheiter som påverkar og styrer utviklinga av landskap. Registeret skal klargjere kva landskap vi har som det knyter seg nasjonale interesser til, kva som er verdiane i desse landskapa og korleis dei bør takast vare på. Gjennom KULA vil kulturminneforvaltninga signalisere tidleg og tydeleg kva landskap areal- og sektorplanlegginga må ta særleg omsyn til. Dette vil bidra til auka forutsigbarheit.

Arbeidet med KULA i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune starta i 2018 arbeidet med å kartlegge aktuelle KULA-område. Fylkeskommunen kom med framlegg til ei rekke ulike område i Sogn og Fjordane som kunne vere aktuelle som KULA-område. Desse vart lagt fram for Riksantikvaren. Våren 2020 vart det landa ei liste med 21 ulike område i Sogn og Fjordane fylke som det skal arbeidast vidare med. Riksantikvaren sendte i juli 2020 ut informasjonsbrev om desse områda til dei kommunane som områda ligg i og i september 2020 har det blitt gjennomført informasjons- og innspelsmøte med kommunane, fylkeskommunen og Riksantikvaren. Responen frå kommunane i desse møta har vore god og fylkeskommunen har fått mange innspel til det vidare arbeidet. Vi ser også at problematikken rundt vindkraftutbygging har vore med å aktualisere arbeidet med bevaring av landskap, og at det er eit stort engasjement i korleis KULA kan påverke komande vindkraftutbyggingar.

Det er Vestland fylkeskommune som skal utarbeide utkast til høyring av desse områda. Innspela frå kommunane i informasjons- og innspelsmøta er verdifulle for det vidare arbeidet. I tillegg til innspel knytt til dei føreslegne 21 områda, har kommunane også kome med forslag til andre område som dei meiner burde vurderast. Det er her fleire områder som kan ha nasjonale interesser. Fylkeskommunen vil difor gjere ei vurdering også av desse områda.

I det vidare arbeidet skal fylkeskommunen i løpet av hausten gjennomføre synfaringar til dei utvalde kulturlandskapa. Kommunane vil bli invitert til å delta på desse synfaringane. Deretter vil

Vestland fylkeskommune utarbeide eit utkast til faggrunnlag for høyring av dei utvalde områda i tidlegare Sogn og Fjordane fylke. Riksantikvaren vil så gjennomføre ein høyringsrunde av forslaga. Høyringsforslaget vil då bli lagt fram for Hovudutval for kultur, idrett og integrering og Fylkesutvalet til uttale. Dei endelege KULA-områda vert så lagt inn i kulturminnedatabasen Askeladden slik at kunnskapsgrunnlaget er lett tilgjengeleg.

KULA i Hordaland

Hordaland fylkeskommune var ein av dei første fylka som starta arbeidet med KULA-registeret. Arbeidet er ferdigstilt for Hordaland og av den grunn er arbeidet med KULA som vi no gjer avgrensa til Sogn og Fjordane. Delar av eit av dei føreslegne KULA-områda (verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden) ligg i Voss herad. Av den grunn er Voss herad inkludert i det arbeidet Vestland fylkeskommunen no gjer. Det er ein stor skilnad i tal landskap i tidlegare Hordaland fylke samanlikna med forslaget om tal landskap i tidlegare Sogn og Fjordane fylke. Vi ser at det kan vere aktuelt å supplere KULA-registeret i framtida med fleire områder i tidlegare Hordaland fylke.

Meir informasjon om KULA

For meir informasjon om KULA viser vi til vedlagte dokument

Riksantikvaren har også meir informasjon på sine heimesider:

<https://www.riksantikvaren.no/prosjekter/kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse-kula/>

Vedlegg

- 1 Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Vestland - informasjon om igangsett arbeid og invitasjon til møte
- 2 Vedlegg 1 Liste over forslag til KULA-område i Sogn og Fjordane.PDF
- 3 Vedlegg 2 Kart over forslag til KULA-område i Sogn og Fjordane.PDF
Vedlegg 3 Informasjonsark-KULA-nynorsk.PDF
- 4 Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland